



Miljøverndepartementet  
 Pb 8013 Dep  
 0030 Oslo

## MELDING OM VEDTAK / SÆRUTSKRIFT

### Høyringsbrev - Utkast til rikspolitiske retningsliner for universal utforming

Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane gjorde i møte 12.02.2008 slikt vedtak i saksnr 1/08.

Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane er eit rådgevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem funksjonshemma. Fylkesrådet er i hovudsak samd i høyringsdokumentet sitt innhald vedkomande rikspolitiske retningsliner for universell utforming.

Fylkesrådet seier seg nøgd med at det no kjem rikspolitiske retningsliner vedkomande universell utforming og har følgjande kommentarar til retningslinene:

#### 4. Krav til den kommunale prosessen.

c. *Det står ber at det kommunale rådet for funksjonshemma skal trekkast med som aktiv part i kommunen sitt planarbeid.*

Fylkesrådet meiner at departementet bør senda eige skriv til kommunane og dei kommunale råda om at dette skal vera eit krav til kommunane om å trekka råda med aktivt i arbeidet.

#### 5. Krav til fysisk utforming.

b. *Byggeområdet planlegges utformet med tilfredstillende atkomst til alle bygningar og med veier og gangveier som gir god fremkommelighet for personer med nedsatt funksjonsevne.*

Fylkesrådet meiner at departementet bør/skal påleggja kommunane/vegvesenet om brøyting og strøing av alle gangveggar innan eit visst tidspunkt, slik at det er mogleg for menneske med nedsett funksjonshemming/eldre å kunne ta seg ut til arbeid/butikk m m om vinteren.

c. Same kommentar som under punkt b.

Utdypende forklaring og veiledning til rikspolitiske retningsliner for universell utforming.

## 2. Virkeområde og formål.

Avsnitt 6. ....*Forhold som trygg evakuering ved brann og andre liknende hendelse for alle brukere, uavhengig av om de er funksjonsfriske eller har nedsatt bevegelses- eller orienteringsevne, må sikres, enten gjennom tekniske løsningsvalg eller ved at behovet for assistanse ved evakuering sikres på annen måte.*

Fylkesrådet meiner at ein ved brannøving ved ulike etatar bør departementet krevja at dei som føretek brannøving, også inkluderer menneske med nedsett funksjonshemming. Øvingane må vera realistiske også for menneske med nedsett funksjonsevne og ikkje berre informere at dette er ei øving. Dette må innebære klare personalmessige ansvarsforhold.


Punkt f. ....*Kommunen skal sørge for at fylkeskommunen og fylkesmannen deltar i en tidlig fase i planlegginga.*

Fylkesrådet meiner at det bør stå: Kommunen skal sørge for at fylkeskommunen og fylkesmannen og det fylkeskommunale rådet for funksjonshemma deltek i ein tidleg fase i planlegginga.

### **Avrøysting:**

Samrøystes

Med helsing

  
Britt Marie Norheim  
rådgjevar